

PILAR III 2021

1. Innleiing	3
2. Kapitaldekningsregelverk	3
2.1 Gjeldande regelverk	3
2.2 Endringar i regelverk	4
3. Kapitaldekning	5
3.1 Ansvarleg kapital	5
3.2 Berekningsgrunnlag	6
3.3 Kapitaldekning	6
3.4 Konsolidert kapitaldekning	6
4. Styring og kontroll av risiko	7
4.1 Generelt om styring og kontroll av risiko	7
4.1.1 Definisjon av risikofaktorar	7
4.1.2 Risikostyring	7
4.1.3 Organisering og ansvar	7
4.1.4 Risikokartlegging og analyse	8
4.1.5 Stresstestar	9
4.1.6 Risikostrategiar	9
4.1.7 Kapitaldekning	9
4.1.8 Oppfølging og rapportering	9
4.1.9 Gjenopprettings- og beredskapsplanar	9
4.1.10 Etterleving	9
4.2 Prosess for vurdering av risiko og kapitalbehov (ICAAP)	9
5. Kredittrisiko	10
5.1 Styring og kontroll av kredittrisiko	10
5.2 Organisering og ansvar	10
5.3 Risikoklassifiseringsmodell	10
5.4 Tapsnedskrivningar	11
5.5 Misleghald	14
5.6 Utlån fordelt på sektor og næring	15
5.7 Geografisk fordeling utlånsportefølje	15
5.8 Utlån fordelt på løpetid	15
6. Marknadsrisiko	15
7. Operasjonell risiko	16
8. Likviditetsrisiko	17

9. Andre risikoar	17
9.1 Forretningsrisiko.....	17
9.2 Motpartsrisiko	17
9.3 Compliancerisiko	17

1. Innleiing

Føremålet med dette dokumentet er å oppfylle krava til offentleggjering av finansiell informasjon etter gjeldande kapitaldekningsregelverk. Dokumentet vert oppdatert og publisert årleg.

Frå 31.12.2019 er EU sitt kapitaldekningsregelverk gjennomført i norsk lov. Regelverket består av CRR-forordninga (forordning 575/013) og CRD IV-direktivet (direktiv 2013/36/EU). Krava til offentleggjering av finansiell informasjon går fram av artikkel 431 til 455 i CRR-forordninga. I Noreg er kravet nedfelt i CRR/CRD IV-forskrifta del XI.

Alle tal i dokumentet er per 31. desember 2021 med mindre noko anna går fram.

Luster Sparebank er ein sjølvstendig og frittståande sparebank. Banken hadde ved utgangen av 2021 ein forvaltningskapital på 4,27 mrd. kroner. Totalresultatet for 2021 var på 40 mill. kroner.

2. Kapitaldekningsregelverk

2.1 Gjeldande regelverk

Norske bankar er underlagt EU sine kapitaldekningsreglar gjennom CRR-forordninga/CRD IV-direktivet. Regelverket består av tre pilarar:

PILAR 1: Pilar 1 består av minstekrav samt bufferkrav til ansvarleg kapital. Minstekravet er sett saman av krav til rein kjernekapital, hybridkapital og tilleggskapital. Samla ansvarleg kapital er summen av rein kjernekapital, hybridkapital og tilleggskapital, sjå tabell under.

Minstekrav ansvarleg kapital pilar 1	31.12.2021
Rein kjernekapital	4,5 %
Hybridkapital	1,5 %
Tilleggskapital	2,0 %
Sum minstekrav ansvarleg kapital pilar 1	8,0 %

Bufferkrava for Luster Sparebank består av bevaringsbuffer, systemrisikobuffer og motsyklisk buffer. Bufferkrava skal verta oppfylte med rein kjernekapital. Dette medfører at samla krav til ansvarleg kapital og samansetning av denne, vert som skissert i tabellen under.

Kapitalkrav pilar 1	31.12.2021
Minstekrav rein kjernekapital	4,5 %
Bevaringsbuffer	2,5 %
Systemrisikobuffer	3,0 %
Motsyklisk buffer	1,0 %
Kapitalkrav rein kjernekapital	11,0 %

Hybridkapital	1,5 %
Kapitalkrav kjernekapital	12,5 %
Tilleggskapital	2,0 %
Sum kapitalkrav pilar 1	14,5 %

Kapitaldekninga vert fastsett som forholdet mellom banken sin ansvarlege kapital og berekningsgrunnlag på følgjande måte:

$$\frac{\text{Ansvarleg kapital}}{\text{Berekningsgrunnlag}} = \text{Kapitaldekning}$$

Berekningsgrunnlaget er summen av berekningsgrunnlaga for kredittrisiko, marknadsrisiko og operasjonell risiko. Luster Sparebank nyttar standardmetoden ved berekning av kapitalkrav for kredittrisiko og marknadsrisiko. Dette inneber at det vert nytta standardiserte risikovekter ved utrekning av berekningsgrunnlaget. Berekningsgrunnlaget for ein eigedel tilsvarar eksponeringsbeløpet justert med tilhøyrande risikovekt. For berekning av kapitalkrav for operasjonell risiko nyttar banken basismetoden. Berekningsgrunnlaget vert då berekna i høve gjennomsnittleg inntekt siste tre år.

I tillegg til risikovekta kapitalkrav under pilar 1, er det også krav til uvekta kjernekapitalandel. Uvekta kjernekapitalandel er definert som banken sin reine kjernekapital og hybridkapital som andel av banken sin eksponering før risikovekting. Kravet til uvekta kjernekapitalandel er 5 %.

PILAR 2: Pilar 2 stiller krav til eigne prosessar for vurdering av risiko og kapitalbehov (ICAAP). Banken skal ha ein prosess for å vurdere samla kapitalbehov i forhold til risikoprofil samt ein strategi for å vedlikehalde kapitalnivået sitt. Prosessen skal verta gjennomført minst årleg. Som del av prosessen gjennomfører banken særskilte vurderingar av kapitalbehovet utover det som er dekkja under pilar 1-krava.

Finanstilsynet skal overvaka og evaluera banken si interne vurdering av kapitalbehovet (*Supervisory Review Evaluation Process – SREP*). På bakgrunn av SREP-vurderinga kan Finanstilsynet fatta vedtak om kapitalkrav i pilar 2 for den enkelte bank. Finanstilsynet har i tillegg også mynde til å setje i verk passande tiltak ved mangelfull etterleving av regelverket. Finanstilsynet har ikkje gjennomført SREP og fastsett pilar 2-krav for Luster Sparebank.

PILAR 3: Pilar 3 stiller krav til offentleggjering av finansiell informasjon. Krava inneber mellom anna at alle institusjonar skal publisere informasjon om organisasjonsstruktur og risikostyringssystem. Vidare er det sett detaljerte krav til offentleggjering av kapitalnivå og risikoeksponeringar. Dette dokumentet oppfyller banken si plikt til offentleggjering av informasjon etter denne delen av kapitaldekningsregelverket.

2.2 Endringar i regelverk

Det er fleire regelverksendringar som vil påverka både kapitalkrava banken er underlagt og den rapporterte kapitaldekninga til banken frametter. Dei mest sentrale endringane på kort sikt er:

- EU sitt kapitaldekningsregleverk gjennom CRR II-forordninga og CRD IV-direktivet trår i kraft i Norge frå og med 1. juni 2022. Dette medfører endringar i kapitaldekningsregelverket for norske bankar. Mellom anna vert SMB-rabatten, som gir reduserte risikovekter på utlån til små- og mellomstore bedrifter, utvida til å gjelda engasjement også over 1,5 millionar euro. Vidare vert det sett nye, bindande krav til kjernekapitalandel og minstekrav til andel stabil finansiering gjennom, NSFR.

- Motsyklisk kapitalbuffer vil auka frå dagens nivå på 1,0 % av berekningsgrunnlaget til 1,5 % frå og med 30.06.2022, vidare til 2,0 % frå og med 31.12.2022 og til 2,5 % frå og med 31.03.2023.
- Kravet til systemrisikobuffer vil auka frå 3,0 % til 4,5 % av berekningsgrunnlaget frå og med 31.12.2022.

Tabellen under oppsummerar endringar som er vedtekne i kapitalkrava under pilar 1 for dei kommande to åra.

Kapitalkrav pilar 1	31.12.2021	31.12.2022	31.12.2023
Minstekrav rein kjernekapital	4,5 %	4,5 %	4,5%
Bevaringsbuffer	2,5 %	2,5 %	2,5%
Systemrisikobuffer	3,0 %	4,5 %	4,5%
Motsyklisk buffer	1,0 %	2,0 %	2,5 %
Kapitalkrav rein kjernekapital	11,0 %	13,5 %	14,0%
Hybridkapital	1,5 %	1,5 %	1,5%
Kapitalkrav kjernekapital	12,5 %	15,0 %	15,5%
Tilleggskapital	2,0 %	2,0 %	2,0%
Sum kapitalkrav pilar 1	14,5 %	17,0 %	17,5%

3. Kapitaldekning

3.1 Ansvarleg kapital

Den ansvarlege kapitalen kan bestå av rein kjernekapital, hybridkapital og tilleggskapital. Luster Sparebank oppfyller krava til ansvarleg kapital med rein kjernekapital. Ved berekning gjeld frådrag, tillegg og avgrensingar i forhold til kapitaldekningsregelverket sine definisjonar. Tabellen under viser banken sin ansvarlege kapital per 31.12.2020 og 31.12.2021.

Ansvarleg kapital (tal i tusen kr)	31.12.20	31.12.21
Kjernekapital	566.152	602.012
Fond for urealiserte gevinstar	40.270	40.269
Sparebankenes fond	502.200	538.734
Gåvefond	23.680	23.009
Fradrag til kjernekapital	-68.134	-75.192
Utsatt skattefordel	0.000	0,000
Frådrag for forsvarlig verdisetting	-2.826	-3.055
Frådrag for investering i Vipps/Balder Betaling	-3.768	0.000
Bokført goodwill og andre immaterielle eigendelar	-0.660	-0.021
Overfinansiering av pensjonsforpliktelsar	0.000	-0.333
Finansfrådrag, uvesentleg eigarandel	-60.880	-71.783
Tilleggskapital	0,00	0,00
Overskytande av fondsobligasjonar	0,00	0,00
Urealiserte verdiendringar	0,00	0,00
Netto ansvarlig kapital	498.021	526.820

3.2 Berekningsgrunnlag

Berekningsgrunnlaget til banken består av eksponering mot kredittrisiko, herunder markedsrisiko, samt operasjonell risiko. Tabellen under viser berekningsgrunnlaget delt på ulike eksponeringskategorier per 31.12.2020 og 31.12.2021.

Minimumskrav ansvarleg kapital (tal i tusen kr)	31.12.20	31.12.21
Statar og sentralbankar	12.290	0.000
Lokale og Regionale myndigheiter	3.005	2.485
Offentleg eigde føretak	0.000	0.000
Institusjonar	31.216	40.122
Foretak	70.851	40.095
Massemarknad	0.000	391.662
Pant i bustad	1.1398.773	1.157.193
Forfalte engasjement	219.114	30.390
Høgrisiko-engasjement	48.981	152.836
Obligasjonar med fortrinnsrett	0.000	0.000
Andelar verdipapirfond	38.634	31.548
Eigenkapitalposisjonar	78.793	81.004
Øvrige engasjement	25.143	51.974
Kredittrisiko	1.926.800	1.979.309
Operasjonell risiko	164.095	174.982
Sum berekningsgrunnlag	2.090.895	2.154.290
Overskot ansvarleg kapital i høve minstekrav under pilar 1	330.749	354.477

3.3 Kapitaldekning

Tabellen under gir ei oversikt over banken sin kapitaldekning per 31.12.2020 og 31.12.2021.

Kapitaldekningsmål (i prosent)	31.12.20	31.12.21
Rein kjernekapitaldekning	23,82 %	24,45 %
Kjernekapitaldekning	23,82 %	24,45 %
Kapitaldekning	23,82%	24,45 %
Uvekta kjernekapital	12,83 %	12,35 %

3.4 Konsolidert kapitaldekning

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportera kapitaldekning konsolidert med eigardel i samarbeidande grupper. Tabellen under gir ei oversikt over banken sin konsoliderte kapitaldekning per 31.12.2020 og 31.12.2021.

Konsoliderte kapitaldekningsmål (i prosent)	31.12.20	31.12.21
Rein kjernekapitaldekning	22,32 %	22,72 %
Kjernekapitaldekning	22,58 %	22,95 %
Kapitaldekning	22,92%	23,26 %
Uvekta kjernekapital	11,71 %	11,51 %

4. Styring og kontroll av risiko

4.1 Generelt om styring og kontroll av risiko

God risiko- og kapitalstyring er sentrale verkemiddel i banken si verdiskaping. Styret i Luster Sparebank har godkjent strategiar og retningslinjer for risikostyring og internkontroll, samt delstrategi på dei ulike risikoområda.

4.1.1 Definisjon av risikofaktorar

Marknadsrisiko: Risiko for tap i marknadsverdiar knytt til portefølje av finansielle instrument som følge av svingingar i aksjekursar, kredittspreadar, valutakursar, renter og råvareprisar.

Likviditetsrisiko: Risiko for at ein ikkje klarar å oppfylle sine forpliktingar og/eller finansiere auke i eigendelar utan at det oppstår vesentlege ekstraomkostningar i form av prisfall på eigendelar som realiserast eller i form av ekstra dyr finansiering.

Kredittrisiko: Risiko for tap knytt til at kundar eller andre motpartar ikkje kan gjere opp for seg til avtalt tid i samsvar med skrivne avtalar, og at mottatte sikkerheitar ikkje dekkar uteståande krav. Kredittrisiko kan oppstå gjennom utlån, kredittar, eller garantiar knytt til PM- og BM-kundar.

Operasjonell risiko: Risiko for tap som følgje av utilstrekkelege eller sviktande interne prosessar eller system, menneskelege feil eller eksterne hendingar. Definisjonen omfattar juridisk risiko, men ikkje strategisk risiko og omdømmerisiko som må vurderast særskild.

Forretningsrisiko: Risiko knytt til uventa inntekts- eller kostnadsendingar som følgje av konjunkturedringar eller endra kundeåtferd.

Compliancerisiko: Risiko for at banken blir pålagd offentlege sanksjonar, bøter, økonomisk tap eller svekka omdømme som følgje av manglande etterleving av lover, forskrifter, standardar eller interne retningslinjer.

4.1.2 Risikostyring

For å sikre effektiv og formålstenleg prosess for risiko- og kapitalstyring er rammeverket basert på følgjande:

- overordna strategi
- organisering
- risikokartlegging og analyse
- stresstestar
- risikostrategiar
- krav om kapitaldekning og lønsemd
- kontroll, oppfølging og rapportering
- gjenoppretings- og beredskapsplanar
- etterleving (compliance)

4.1.3 Organisering og ansvar

Ansvar og gjennomføring av banken si risikostyring og kontroll er delt mellom styret i banken, leiinga og operativ eining som vist i tabellen under. Risikostyrings- og compliancefunksjonen er uavhengig av forretningseiningane og rapporterar direkte til banksjef.

Generalforsamlinga skal sjå til at banken driv etter sitt føremål i samsvar med lover, vedtekter og generalforsamlinga sine vedtak.

Styret er det ansvarlege styrande organet i banken og har såleis det øvste ansvaret for risikostyringa. Styret fastset overordna mål, strategiar og retningslinjer for verksemda, herunder krav om forsvarleg kapitalstyring ut frå vedteken risikoprofil og krav frå det offentlege.


Banksjef har ansvaret for den overordna risikostyringa. Dette inneber mellom anna at det vert implementert effektive risikostyrings- og kontrollsystem, og at risikoeksponeringa vert overvaka. Banksjefen er ansvarleg for delegering av fullmakter og rapportering til styret.

Avdelingsleiarar i banken har ansvar for å styre risiko og sikre internkontroll innanfor sine ansvarsområder i tråd med banken sin vedteke risikoprofil. Avdelingsleiarane rapporterar fortløpande til banksjef om vesentlege endringar i risikofaktorar.

Leiar risikostyring og compliance har ansvar for styring, analyse, rapportering og kontroll av banken sin risiko og kapitalstyring, samt å kontrollera etterleving av lover, forskrifter og interne risikorammer.

Revisor. Luster Sparebank har ikkje internrevisjon. Banken sin eksterne revisor etterprøver om rutinar og retningslinjer blir etterlevd, samt vurderer om banken sine modellverk knytt til risiko- og kapitalstyring gjev eit riktig uttrykk for banken sin samla risiko- og kapitalstatus. Ekstern revisjon utarbeidar årleg ei uavhengig stadfesting på banken sin internkontroll.

Dette kan verta summert opp slik:



4.1.4 Risikokartlegging og analyse

Risikovurderingar er ein integrert del av strategiprosessen. Risikoane blir kartlagde og analyserte med tanke på kva som kan gå gale, og kva konsekvensane kan bli. Det vert så utarbeida tiltak som reduserer sannsynet for at risikoane materialiserer seg. Det vert gjennomført risikovurderingar og sett av kapital basert på vurderingane. Målingane skal vere baserte på aksepterte metodar.

4.1.5 Stresstestar

Det vert gjennomført periodiske stresstestar for å analysere korleis negative hendingar påverkar banken sitt resultat, balanse og kapitaldekning. Stresstestane vert gjennomførte på dei mest kritiske områda som kreditt-, marknads- og likviditetsrisiko. Stresstestane tek omsyn til negativ makroøkonomisk utvikling i ein periode på tre år, og hendingar som påverkar drifta av banken i negativ retning.

4.1.6 Risikostrategiar

Banken definerer risikostrategiar gjennom overordna strategi og strategi for kreditt- marknad-, likviditet- og operasjonell risiko. Styret definerer banken sin risikoprofil gjennom etablering av risikobaserte rammer og måltal for dei ulike områda. Strategiane vert reviderte årleg.

4.1.7 Kapitaldekning

Eigenkapitalen i Luster Sparebank er bygd opp generisk gjennom inntening over løpande drift. Banken har pr. 31.12.2021 rein kjernekapitaldekning 24,45 %. På konsolidert nivå er den reine kjernekapitaldekninga kapitaldekning på 22,72 %. Banken sine kapitaldekningsmål tilfredsstillar dei regulatoriske minstekrava med god margin. Banken sin eigenkapitalavkastning etter skatt for rekneskapsåret 2021 var på 6,99 %.

4.1.8 Oppfølging og rapportering

Alle leiarar er ansvarlege for den daglege risikostyringa innafor sine eigne område. Dei skal rapportera risiko- og kontrollsituasjon til banksjef minst ein gong i året. Leiar risikostyring rapporterer overordna risikoeksponering og utvikling gjennom periodiske rapportar til styret og administrasjon.

4.1.9 Gjenoppretings- og beredskapsplanar

Banken har utarbeida og styregodkjent gjenoppretingsplan. Gjenoppretingsplanen vurderer og dokumenterer relevante tiltak som kan bidra til å gjenoppretta banken sin finansielle stilling under alvorleg stress. Det er også utarbeida eigne beredskapsplanar for likviditet og drift.

4.1.10 Etterleving

Det er etablert prosessar som sikrar etterleving av gjeldande lover og forskrifter, bransjestandard og interne retningslinjer. Dette skjer gjennom:

- kommunisere ein tydeleg etisk standard og verdigrunnlag.
- prosess for å fange opp, følgje opp og rapportere etterleving av lover og forskrifter

Meir detaljert informasjon om styring og kontroll av dei enkelte risikotypane er omtala i etterfølgjande kapittel.

4.2 Prosess for vurdering av risiko og kapitalbehov (ICAAP)

Banken gjennomfører minst årleg ein eigen risiko- og kapitalvurderingsprosess (ICAAP). Som del av ICAAP-prosessen vurderer banken mellom anna kapitalbehovet utover pilar 1 knytt til risikoar som ikkje eller berre delvis er dekkja under pilar 1-krava (pilar 2). Vurderingane vert gjennomført med utgangspunkt i Finanstilsynet sitt rundskriv 12/2016. Som del av prosessen vert det også gjennomført ein eigen vurdering av banken sin likviditetsrisiko og styringa av denne (ILAAP). Resultat frå prosessen gjev føringar for risikovilje, kapitalbehov og risikostrategiar som vert vedtekne av styret. Gjennom prosessen vert det verifisert om banken har tilstrekkeleg kapital til å møte regulatoriske krav og interne styringsmål til kapitaldekning, og at soliditeten er god nok også til å møte ein alvorleg nedgangskonjunktur.

ICAAP-prosessen er leia av banken sitt styre som også vedtek endeleg ICAAP-dokument for banken. Luster Sparebank har ekstern revisor som reviderer ICAAP.

5. Kredittrisiko

Kredittrisiko er risiko for tap knytt til at kundar eller andre motpartar ikkje kan gjere opp for seg til avtalt tid og i samsvar med skrivne avtalar, og at sikkerheiter ikkje kan dekke uteståande krav. Kredittrisiko oppstår gjennom utlån, kredittar og garantiar til person- og bedriftsmarknaden.

5.1 Styring og kontroll av kredittrisiko

Luster Sparebank sin kredittrisiko vert styrt gjennom rammer for storleik på sektor, bransje- og enkeltengasjement og rammer knytt til kvalitet på porteføljen. Kvaliteten på porteføljen vert regelmessig vurdert gjennom mellom anna bruk av risikoklassifiseringsmodell.

Det vert utarbeida regelmessige kredittrapportar for styret med oversikt over banken sine kredittengasjement sett opp mot rammer fastlagde av styret.

Kredittrisikoen vert styrt gjennom følgjande styringsdokument

- Strategi for kredittrisiko
- Kredittpolicy
- Løyvingsreglement og fullmakter
- Kreditthandbok
- Etske retningslinjer og samfunnsansvar

Strategi for kredittrisiko og kredittpolicy vert fastsett av styret og skildrar banken sin vilje til risiko, samt mål og rammer for kredittkvalitet, konsentrasjonsrisiko og vekst, samt overordna retningslinjer. Dokumenta er basert på banken sin strategiplan og vert årleg vurdert.

Kreditthandboka med tilhøyrande rutinar skildrar kredittprosessen med retningslinjer for kredittgjenvad, endringar og kredittoppfølging. Dokumentet inneheld også retningslinjer for tap/misleghald og retningslinjer for depotkontrollar.

Løyvingsreglement og fullmakter fastset prinsipp for kredittavgjersle og tildeling av kredittfullmakter. Alle løyvingsrammer er personlege. Dokumentet vert fastsett minst ein gong i året av styret.

Etske retningslinjer og samfunnsansvar fastset retningslinjer og reglar for korleis medarbeidarane i organisasjonen skal opptre i ulike situasjonar.

5.2 Organisering og ansvar

Banksjef og leiar BM er ansvarlege overfor styret for kredittverksemda i banken. Banksjef og leiar BM har fått tildelt fullmakter frå styret og delegerer fullmakter vidare.

Leiar BM og leiar PM har ansvar for etterleving av banken sin kredittpolitikk og strategi. Leiar BM og leiar PM har eit særleg ansvar for kredittkvaliteten i banken. Leiar BM og leiar PM har vidare ansvar for prising, risiko og inntening i høvesvis BM- og PM- porteføljen.

Leiar risikostyring og compliance har ansvar for uavhengig overvaking av banken si etterleving av rutinar på kredittområdet samt utarbeiding av risikorapport og compliancerapport til styret og leinga i banken.



5.3 Risikoklassifiseringsmodell

Luster Sparebank nyttar ein misleghaldssannsynsmodell som verktøy for risikoklassifisering av kredittportefølja. Risikoklassen vert fastsett ut frå estimat for kor sannsynleg det er at ein kunde som pr. i dag ikkje er i misleghald, skal gå i misleghald i løpet av dei neste 12 månadane. Det er utvikla ulike

modellar for person- og bedriftskundar. Modellane er delte inn i ti risikoklassar i tillegg til ein klasse for misleghald og tap. Risikoklassar vert oppdaterte kvar månad.

Figurane under syner status for utlånsporteføljen innan høvesvis PM og BM per 31.12.2020 og 31.12.2021. I figurane under er kundane er delte inn i låg, middels og høg risiko avhengig av risikoklasse. Lågrisikokundar er kundar der misleghaldssansynet ligg under 0,75 %, mens for høgrisikokundane er tilsvarande misleghaldssansyn over 3 %.

Risikomodellane vert validerte årleg og ved endringar vert parametrane korrigererte. I tillegg vert det gjort analysar av om rangeringa av kundane er tilfredsstillande, og om dei enkelte variablane i modellen har god forklaringskraft.



5.4 Tapsnedskrivingar

Etter IFRS 9 vert tapsavsetjingane innrekna basert på forventa kredittap. Den generelle modellen for tapsavsetjingar av finansielle eigendelar i IFRS 9 gjeld for finansielle eigendelar som blir målt til

amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader (FVOCI), og som ikkje hadde var tapsmerka ved førstegongs innrekning. I tillegg er lånetilsegn og finansielle garantikontrakter som ikkje blir målt til verkeleg verdi over resultatet, omfatta.

Målinga av avsetninga for forventa tap i den generelle modellen er avhengig av om kredittrisikoen har auka vesentleg sidan førstegongsinnrekning. Ved førstegongsinnrekning og når kredittrisikoen ikkje har auka vesentleg etter førstegongsinnrekning, skal det avsettast for 12 månaders forventa tap. 12 månaders forventa tap er det tapet som er forventa å inntreffe over levetida til instrumentet, men som kan verta knytt til misleghald som inntreff dei neste 12 månadene.

Viss kredittrisikoen har auka vesentleg etter førstegongsinnrekning, skal det verta sett av for forventa tap over heile levetida. Forventa kredittap er berekna basert på noverdien av alle kontantstaumar over gjenverande forventa levetid, dvs. forskjellen mellom dei kontraktsmessige kontantstraumar i henhold til kontrakten og den kontantstraumen som banken forventar å motta, diskontert med effektiv rente på engasjementet.

Uavhengig av dette kan ein gå ut frå at kredittrisiko ikkje har auka vesentleg sidan førstegongs innrekning dersom ein vurderer det slik at det finansielle instrumentet har låg kredittrisiko på rapporteringstidspunktet. Banken har difor nytta unntaket om låg kredittrisiko for balansepostane «Kontantar og kontantekvivalentar» og «Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak».

Etter reglane i IFRS 9 har banken nytta tapsgradmetoden for å estimere forventa kredittap. Ved bruk av tapsgradmetoden blir utlånsporteføljen delt inn i segment med felles kredittrisikoeigenskapar og forventa tap blir estimert med utgangspunkt i historiske tapstal for dei ulike segmenta.

Banken har delt utlånsporteføljen i følgjande seks segment:

- PM - Personmarknad
- BM - Bedriftsmarknad andre
- BM - Eigedom (kjøp/sal og utleige av eigedom og eigedomsformidling)
- BM - Turistnæring (Hotell, servering og anna turistnæring)
- BM - Jordbruk
- Offentleg - Offentleg og finansiell sektorar

Ved utrekning av tapsgrad for dei ulike segmenta har banken teke utgangspunkt i gjennomsnittleg konstaterte tap dei siste ti åra.

- Tapsgrad er på PM-Personmarknad lagt inn med 0,033 %. Dette kjem fram ved å ta gjennomsnittleg tap på 0,03 % og så legge til 10 % i 2021 på grunn av covid-19.
- Tapsgrad er på BM bedriftsmarknad andre lagt inn med 1,00 %. Dette kjem fram ved å ta gjennomsnittleg tap på 0,91 % og så legge til 10 % i 2021 på grunn av covid-19.
- Tapsgrad er på BM-eigedom lagt inn med 0,48 %. Dette kjem fram ved å ta gjennomsnittleg tap på 0,44 % og så legge til 10 % i 2021 på grunn av covid-19.
- Tapsgrad på BM-turistnæring lagt inn med 0,45 %.

Dette kjem fram ved å ta gjennomsnittleg tap på 0,39 % og så legge til 15 % i 2021 på grunn av covid-19 og at denne næringa er spesielt utsett.

- Tapsgrad på BM-jordbruk er lagt inn med 0,1%. Dette framkjem ved å ta gjennomsnittleg tap på 0 % og så legge til 0,1 %-poeng på grunn av covid-19.
- Tapsgrad er på offentleg/finans lagt inn med 0 % då banken ikkje har hatt tap i dette segmentet.

Kva tapsgrader som skal bli nytta over tidshorizonten i tapsmodellen, blir avgjort av banken si leiging ut frå korleis den framtidige makroøkonomiske utvikling på balansedagen blir vurdert. Banken nyttar SSB sine prognosar for arbeidsløyse, utlånsrente på rammekredittar, BNP for Fastlands-Norge og endring i bustadprisar som utgangspunkt for leiinga si vurdering av korleis den makroøkonomiske utviklinga påverkar modellen.

Banken har komme fram til forventa levetid for segmenta basert på gjennomsnittlege nedbetalingar i utlånsporteføljen i perioden 2014-2018. Nedbetalingar i denne samanheng vil sei avdragsbetalingar, innfriing og refinansiering.

I samsvar med IFRS 9 grupperer banken sin utlån i tre trinn:

- **Trinn 1:**
Dette er startpunktet for alle finansielle eigendelar omfatta av den generelle tapsmodellen. For alle eigendelar som ikkje har vesentlig høgare kredittrisiko enn ved førstegangsregistrering blir det berekna ei tapsavsetjing lik 12 månaders forventa tap. I denne kategorien ligg alle eigendelar som ikkje er overført til trinn 2 eller 3. Banken inntektsfører renter basert på brutto bokførte verdiar på låna som inngår i trinnet.
- **Trinn 2:**
Dette trinnet omfattar lån og fordringar som har hatt ei vesentleg auke i kredittrisiko sidan førstegangsinnrekning, men der det ikkje er objektive bevis på tap. For disse eigendelane blir det nedskrive for forventa tap over forventa levetid. Banken har definert at vesentleg auke i kredittrisiko ved utlån til kundar er tilfelle dersom betaling er forsinka med 30 dagar eller meir, og/eller der svekka betjeningsevne blir avdekka i banken sine risikomodellar gjennom auke på to risikoklasser. Lån med betalingsutsetjing medfører klassifisering i minimum trinn 2. Renteinntekter knytt til utlån i trinn 1 og trinn 2 blir rekna etter effektivrentemetoden basert på den brutto balanseførte verdien av utlån.
- **Trinn 3:**
Dette trinnet omfattar utlån og fordringar som har hatt ein vesentleg auke i kredittrisiko sidan innvilging, og der det er objektive bevis på tap på balansedatoen. For disse eigendelane blir det nedskrive for forventa tap over heile den forventa levetida. Banken har definert vesentleg auke i kredittrisiko sidan innvilging, og der det er objektive bevis på tap på balansedatoen, til å inntreffe ved overtrekk og restansar eldre enn 90 dagar. Låna er presentert netto i balansen, og renteinntekter på utlån i trinn 3 blir rekna basert på netto balanseført verdi. Lån som er i trinn 2 eller 3 kan ikkje verta reklassifisert til eit lågare trinn før minimum tre månader etter at lånet er friskmeldt.

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	2021	2020
Endring i perioden i trinn 3 på utlån	-15.117	13.023
Endring i perioden i trinn 3 på garantiar	27	-4
Endring i perioden i forventa tap (trinn 1 og 2)	3.861	3.052
Konstaterte tap i perioden der det tidligare er gjort individuelle nedskrivningar	14.846	2.857
Konstaterte tap i perioden der det tidligare ikkje er gjort individuelle nedskrivningar	71	947
Inngang på tidligare konstaterte tap	-214	-1.931
Endring 1/1-20 Nedskrivning på grupper og IFRS 9 nedskrivning		1.048
Tap på utlån m.m. 31.12	3.475	18.993

5.5 Misleghald

Ved vurdering av kva som utgjør misleghald legg banken til grunn at det foreligg eit misleghald dersom dei kontraktuelle kontantstraumane er meir enn 90 dagar etter forfall og/eller for kundar der det er objektive indikasjonar på verdifall som følgje av hendingar etter førstegangsinnregning av eigedelen. Det kan vera slik at det ikkje er mogeleg å identifisera ei enkelt, separat hending som årsak til verdifallet. Den samla verknaden av fleire hendingar kan ha vore årsak til verdifallet. Objektive indikasjonar på at ein finansiell eigedel eller ei gruppe av eigedelar har falle i verdi inkluderar observerbare opplysningar som banken blir merksam på vedrørande følgjande tapshendingar:

- vesentlege finansielle vanskar hos utsteder eller debitor,
- kontraktsbrudd, til dømes misleghald eller manglende betaling av forfalte renter eller forfalt hovudstol,
- når banken, av økonomiske eller juridiske grunner knytta til låntaker sine finansielle vanskar, gir låntakar ein innrømmelse som långiver ellers ikkje ville ha vurdert,
- når det blir sannsynleg at låntakar vil gå konkurs eller vil bli utsett for ein anna form for finansiell omorganisering

Definisjon av misleghald vart endra med verknad frå 1. januar 2021. I ny definisjon er betalingsmisleghald basert på eit minstebeløp på henholdsvis kr 1.000 for personkundar og kr 2.000 for foretak. Det er og innført ei relativ grense på 1 prosent av kunden sitt engasjement, og begge vilkår må være oppfylt for at betalingsmisleghald skal vera tilfelle. I tillegg til direkte betalingsmisleghald, vil det også kunne foreleggja misleghald dersom andre objektive årsakar eller kvalitative vurderingar og tapsmerkingar ligg føre. Reglane inneber ein karanteneperiode på tre månadar frå eit engasjement ikkje lenger er misleghalde til engasjementet kan bli friskmeldt. Alle engasjement i trinn 3 er definert som misleghaldne.

I samsvar med IFRS 9 blir renteinntekter for finansielle eigedelar i trinn 1 og trinn 2 berekna ved hjelp av effektivrentemetoden på den brutto balanseførte verdien til eigedelen, mens renteinntekter for finansielle eigedeler i trinn 3 blir berekna berekna med utgangspunkt i egedelen verdsett til amortiserte kost.

5.6 Utlån fordelt på sektor og næring

Tal i tusen kr	Brutto utlån	Garantiar	Unyttat trekkrettar	Misleghaldne engasjement	Andre tapsutsette engasjement	Individuelle tapsned- skrivningar trinn 3
Personkunder	2.550.003	385	114.062	0.770	1.072	0.306
Kommunar	12.384	77	0	0	0	0
Finans og andre sektorar utanom næring	18.287	1.500	0	0	0	0
Næringar:						
Primærnæring	140.325	0	15.210	0	0	0
Industri	36.272	1.208	6.505	0	19.257	1.799
Kraftproduksjon	32.896	1.000	0.100	0	0	0
Bygg og anlegg	196.396	15.743	29.966	7.234	0.768	4.810
Handel	50.710	1.080	13.964	1.485	0	1.084
Hotell og restaurant	57.715	20	2.588	0	1.335	24
Transport	31.156	2.596	1.581	2.424	0	1.896
Eigedomsdrift	310.358	1.763	14.353	0	1.418	24
Andre tenestenæringar	70.565	5.968	12.663	12.222	0	4.970
Interesseorganisasjonar	1.896	0	0.410	0	0	0
Sum	3.508.963	31.340	211.402	24.135	23.850	14.913

5.7 Geografisk fordeling utlånsportefølje

Geografisk fordeling (tusen kr)	Brutto utlån	Garantiar	Unyttat trekkrettar
Kunder i Luster	1.516.043	10.558	94.916
Kunder i resten av Sogn og Fjordane	427.652	11.396	26.147
Kunder utanfor Sogn og Fjordane	1.565.268	9.386	90.339
Sum utlån og garantiar	3.508.963	31.340	211.402

5.8 Utlån fordelt på løpetid

(tal i 1000 kr)		Inntil					Utan restløpetid
Løpetid	Sum	1 mnd	1 - 3 mnd	3 mnd - 1 år	1 år - 5 år	Over 5 år	
Brutto utlån	3.508.963	741	465	3.640	89.764	3.414.353	0

6. Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er risiko for tap i marknadsverdiar knytt til portefølje av finansielle instrument som følgje av svingingar i renter, risikopåslag (kreditspreadar), valutakursar, aksjekursar og råvareprisar.

Marknadsrisiko vert styrt og overvaka gjennom rammer som er godkjende i styret gjennom strategi for marknadsrisiko til banken. Dokumentet vert gjennomgått årleg. Bankens sine posisjonar sett opp mot styret sine rammer vert periodisk rapportert til styret.

Renterisiko er risikoen for tap som oppstår ved endringar i rentenivået. Hovudfokuset for måling og styring av renterisiko er å unngå negative resultateffektar som følgje av posisjonar med stor eksponering mot endringar i rentenivået.

Banken tek på seg renterisiko gjennom ordinere bankaktivitetar (innlån og utlån). I tillegg har banken beholdningar av obligasjonar/sertifikat hovudsakeleg for å oppfylle banken sitt likviditetskrav. Banken sine innlån i obligasjonsmarknaden er obligasjonslån med flytande renter. Renterisikoen knytt til banken sine fastrenteutlån til kundar er redusert ved at det er inngått rentebytteavtale.

Ved berekning av renterisiko vert det berekna eit tapspotensiale ved 2 % parallellforskyvingar over heile rentekurva.

Kredittspreadrisiko er risikoen for tap som følgje av endringar i kredittspreaden på renteberande verdipapir på banken sin balanse. Dei renteberande verdipapira er ført til verkeleg verdi over resultatet. Banken sin metode for overvaking av kredittspreadrisikoen er basert på modell frå Finanstilsynet, og estimerer endring i verdi på rentepapir, teke omsyn til rating og løpetid. For ei nærmare skildring av metoden, sjå Finanstilsynet sin «Modul for markedsrisiko».

Banken har for tida ikkje **valutarisiko**.

Aksjekursrisiko er risiko for tap som følgje av endringar kursar på aksjar, eigenkapitalbevis og aksjefond. Luster Sparebank har ikkje handelsportefølje. Strategiske plasseringar i lokale og samarbeidande selskap vert klassifiserte som anleggsmidlar, mens andre aksjar og fondsandelar vert klassifiserte som omløpsmidlar. Omløpsmidlar vert vurderte til marknadsverdi. Anleggsmidlane, som ikkje er børsnoterte, vert skrivne ned dersom verkeleg verdi er lågare enn bokført verdi, og verdifallet ikkje er venta å vera forbigåande.

For meir informasjon sjå banken sin årsrapport.

7. Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er risiko for tap som følgje av utilstrekkelege eller sviktande interne prosessar eller system, menneskelege feil eller eksterne hendingar. Definisjonen omfattar juridisk risiko, men ikkje strategisk risiko og omdømmerisiko som må vurderast særskild.

Viktige element i styring av operasjonell risiko er:

- Årleg vurdering av risiko knytt til forretningsområda og dei administrative områda. Denne vurderinga dannar grunnlaget for etablering av rutinar og kontrolltiltak som har som føremål å handtera/reduera identifisert risiko til eit akseptabelt nivå. Det vert i tillegg gjennomført egne vurderingar knytt til risikovurdering i samband med implementering av nye produkt, tenester og system.
- Årleg stadfesting av internkontrollen der det blir rapportert frå fag- og avdelingsansvarlege til banksjef som vidare rapporterer til styret om status på internkontrollen innafor dei ulike einingane og fagområda. Stadfestinga dannar grunnlaget for forbetringstiltak på ulike område.
- Luster Sparebank har utarbeidd eigen Strategi for operasjonell risiko som vert oppdatert årleg av styret.

Eventuelle hendingar av operasjonell art som gjennom året fører til, eller som kunne ha ført til, tap, kostnader eller reduserte inntekter over eit visst nivå, vert registrerte i ein eigen hendingsdatabase.

I styret sitt strategidokument vert det lagt vekt på at mål og strategiar skal vera tydelege og oversiktlege. Det vert årleg føreteke eignevaluering av overordna styring og kontroll i Luster Sparebank. Vurderinga byggjer på dokument utarbeida av Finanstilsynet. Styret går gjennom vurdering av organisasjonsstruktur, styret sitt ansvar og oppgåver, interne kontroll- og overvåkingsfunksjonar og opplysningskrav.

Det vert årleg utarbeidd ei stadfesting vedkomande internkontrollen der det vert rapportert oppover i organisasjonen om status på internkontrollen innanfor dei einiskilde organisatoriske einingane. Stadfestinga dannar grunnlag for forbetringar på identifiserte område.

8. Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risiko for at ein ikkje klarar å oppfylle sine forpliktingar og/eller finansiere auke i eigendelar utan at det oppstår vesentlege ekstraomkostningar i form av prisfall på eigendelar som realiserast eller i form av ekstra dyr finansiering.

Styring av likviditetsrisiko tek utgangspunkt i banken sin strategi for likviditetsrisiko med beredskapsplanar. Dokumentet er fastsett av styret, og beskriv banken sine mål og rammer for likviditetsstyring. Dokumentet er basert på banken sin strategiplan og vert revidert årleg. Strategien sett rammer for likviditetsrisiko gjennom mål for blant anna innskotsdekning, LCR (Liquidity Coverage Ratio), NSFR (Net Stable Funding Ratio), netto likviditetsbehov i ulike tidsintervall, del overførte lån til Verd BK, storleik på unytta trekkrettar og strukturell likviditet.

Luster Sparebank har som mål at likviditetsrisikoen skal vera låg. Til det ligg det mellom anna at utlåna i hovudsak skal vera finansierte med innskot og eigenkapital, samt at innskota skal vera godt diversifiserte.

9. Andre risikoar

9.1 Forretningsrisiko

Forretningsrisiko er risiko knytt til uventa inntekts- eller kostnadsendingar som følgje av konjunkturedringar eller endra kundeåtferd.

Risikoen omfattar fare for sviktande inntekter som følgje av at kundane endrar åtferd, enten som følgje av konkurransesituasjon, trendar eller sviktande omdømme, eller at banken får sviktande inntekter som følgje av feilslått strategisk satsing i nye marknader eller nye produkt. Manglande evne til å fange opp omstillingar i kundeåtferd gjennom tilpassing av banken sine produkt vil også vere ein forretningsrisiko.

Risikoen vert styrt med grunnlag i banken sin overordna strategi der målingar av kundeåtferd og analyse av konkurransesituasjon og marknadssituasjon er ein del av forretningsutviklingsgrunnlaget.

9.2 Motpartsrisiko

Banken har uteståande ein rentebytteavtale. Motpartsrisikoen vert vurdert som låg.

9.3 Compliancerisiko

Compliancerisiko er risikoen for at banken pådreg seg offentlege sanksjonar, økonomiske tap eller tap av omdømme som følgje av at banken ikkje etterlev lover, reglar og standardar.

Det er dei einsskilde fagansvarlege som har ansvar for å følgje lover og retningslinjer innanfor sitt fagområde. Leiar for risikostyring og compliance har utarbeida oversikt over lover og forskrifter som påverkar banken, med tilhøyrande oversikt over ansvar for å sjå til at banken sine rutinar er i tråd med regelverket. Leiar for risikostyring og compliance kontrollerar etterlevinga innan dei ulike områda.